

**Ledige plassar på Eldredagen.**

28.09.2013

**Den internasjonale eldredagen vert skipa til på Husnes torsdag 3. okotober. Over 150 gjester er påmelde, men det er ledige plassar.**

Påmeldingsfristen er utsett, men arrangøren vil innan måndag kl. 13 vita nøyaktig kven som kjem.

Den ordrike valebuen, Dag Helland, kåserer over tema: Kvinnherad sett utanfrå sidan 1960-talet.  
Musikkgruppa Strømkarlen spelar nordisk og irsk musikk.  
Det vert servert ein velsmakande laksemiddag.

Filmen Optemistene vert synt i forkant av sjølve eldrefesten.  
Filmen har premiere i desse dagar og skildrar glade og muntre pensjonistar som samlar seg om volleyballen som ein helsefremjande aktivitet.

Alt ligg vel til rette for ein innhaldsrik og vellukka eldredag.